

SAGT OM HALVØYA

Av Torkel Myklebust, ordfører i Suldal 2009

Mine første møte med halvøya var som nytilflytta dyrlege. Tor Underbakke var som regel skyssbåtfører på tur til Marvik, Naustvik, Tveita eller Hebnes. På kaien stod Erling eller Oskar. Eg var i trygge hender om det var dag eller natt, rusk eller finvêr. I tillegg fekk eg vita om folket og livet på halvøya. Som "ung" dyrlege var det alltid hyggjeleg å møta aktive og engasjerte bønder på Ropeidhalvøya.



Noko av det som gler meg mest i dag, er å sjå at ein ny generasjon bønder satsar og ser framtid i landbruket. Det trengst i ei tid der ein mange stadar elles møter mest pessimisme.

Mykje har skjedd på 30 år. Strukturar har endra seg, kommunikasjonar har endra seg. Det må me finna oss i, stort sett er det også til det betre.



Min påstand er at "halvøya" i dag står fram som eit sterkare samfunn enn den gong, med meir variert næringsliv; landbruk, reiseliv, oppdrett, næringsbed osv. Grendegrensene er enno litt for tydelege, samarbeidet kan bli betre, men det viktigaste er alle dei engasjerte, unge og eldre, som er opptekne av heimplassen sin og ynskjer andre velkomne. Eg er sikker på at halvøya kan leva opp til

målsettinga om å vera den nyskapande bygda, slik grendeutvalet skriv.



Med helsing
Torkel Myklebust
ordfører